

	Skjåk kommune	Arkivsak: 2019/367-1 Arkiv: K54 Saksbehandlar: Inga Gudrun Hyrve Dato: 15.03.2019
---	----------------------	--

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
25/19	Skjåk kommunestyre	28.03.2019

Mellombels masselagring i Bismo

Saksdokument

Ikkje vedlagt

Reguleringsvedtekter for reguleringsplan for Blåbærmyra

Reguleringsplan for Bismo industriområde II

Reguleringsplan for Bismo industriområde

Vedlegg

- 1 Skissekart Bismo vest
- 2 Skissekart Blåbærmyra

Saksutgreiing

Flaumen i oktober 2018 gjorde store skader fleire stader i Skjåk. I Skjøli og på Åmotsøye tek NVE ansvar for krisetiltak for å sikre områda mot vårflaumen.

Otta elv gjekk også høgt rundt Bismo, og delar av industriområdet og bustadsområdet vart oversvømt. Dette er område som NVE ikkje vil ta ansvar for krisetiltak på no.

Fleire bustadshus i Blåbærmyra vart oversvømt, og mange måtte forlate heimen sin medan den er under rehabilitering. Bebuarane er utrygge og usikre på korleis elva no har endra seg, og korleis ho vil te seg ved neste flom.

I industriområdet var fleire bedrifter berørte av flaumen, dei er no gang med sikring av sine område.

For å sikre områda som vart oversvømt i Bismo mot framtidig flaum er det viktig at vi no sett i gang kortsiktige og meir langsiktige tiltak.

Skjåk kommune må søke NVE om bistand til planlegging og gjennomføring av tiltak som skal vere flaumforebyggande i Bismo. Denne prosessen er varsla vil ta noko tid. NVE har rekna ut at det vil vere behov for ca 20000m³ masse til ei slik flomforebygging.

I Skjøli ser vi at det er langt meir masse som må ut av elvefaret enn NVE trudde i starten. Skjåk kommune har inngått avtale med grunneigarar langs Skjøli for mellombels lager av masse, men vi ser at det er behov for meir lagringsplass. Det er difor ynskjeleg å frakte masse frå Skjøli til eit mellombels massedeponi i Bismo. Denne massa vil da bli lagra som vist på skissekarta.

Skjåk kommune er grunneigar, og massa kan såleis ligge fram til ein startar arbeidet med ei permanent flaumsikring av Bismo.

Kostnaden på transport av 20000m³ masse er estimert til ca 650.000,-. NVE har signalisert at dei vil gjere transporten for Skjåk kommune når dei likevel har maskiner her. NVE har vidare gjeve melding om at kostnaden av transporten blir lagt på distriksandelen som kommunen må betale for ei slik sikring.

Vegvesenet og Mesta er i gang med å gjennopprette Marlo bru. I samband med dette har dei frakta ein del masse frå Skjøli til Marlo. Når brua er ferdig skal denne massa flyttast ut av elva att. Dei har sagt seg villige til å frakte massa vederlagsfritt til eit mellombels massedeponi i Bismo.

Vurdering

Ei permanent flaumforebygging i Bismo vil ta tid.

Det er behov for masselagring for masse frå Skjøli. Mesteparten av denne massa er i dag lagra hjå private grunneigarar langs Skjøli, men ein ser at det er behov for meir lagerplass. Om vi skal flaumforebygge i Bismo på eit seinare tidspunkt er det behov for ca 20000m³ masse. Det er difor hensiktsmessig å flytte masse dit alt no og legge den på grunnen til Skjåk kommune, i nærleiken av områda ein ser vil bli brukt til forebygginga seinare.

Da ein ser at det vil ta tid å bygge permanent flaumsikring i Bismo er det ynskjeleg å lagre masse i områda som vist i skissekart. Omkostninga vil kunne bli svært stor for den enkelte om vi ikkje prøver å sikre områda før ein ny flaum. Ved å lagra masse i Bismo kan ein kanskje unngå like store omkostningar om det skulle koma ein flaum før flomsikring er på plass. Fordelen med ei slik mellombels masselagring kan sjåast langt større enn eventuelle ulemper.

I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal den mellombels lagringa vurderast etter dei miljøretslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med kartlegging av biologisk mangfald i kommunen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Ut frå denne kunnskapen er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet i området.

§ 9 - føre-var prinsippet: Det er ikkje sannsynleg at tiltaka det her er søkt om vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Ikkje relevant.

§ 12 - miljøforsvarlege tekniskar, driftsmetodar og lokalisering: Det er ikkje kjente driftsmetodar eller tekniskar som gjer at ein kan gjennomføre tiltaket på ein betre måte.

I reguleringsvedtekter for reguleringsplan for Blåbærmyra, vedteke 22.6.2000, står det i §9 at *friområde ikkje skal brukast til bygningar eller køyreveggar/parkeringsplasser. Eksisterande vegetasjon skal bevarast.*

I reguleringsvedtekter for Industriområde II i Bismo, vedteke 25.11.2004, §9, står at *areala ikkje skal nyttast til å byggje på, til køyreveger, parkeringsareal eller lagring. Kommunen kan tillate at det blir oppført mindre bygg for friluftaktivitetar som ikkje er til hinder for bruken av området.*

Eksisterande erosjonssikring mot Otta elv kan haldast vedlike.

I reguleringsbestemmelser for Bismo industriområde, vedteke 6.1.1976, §9 seier at *Arealene skal ikkje brukes til bebyggelse eller kjøreveier/parkeringsplasser. Bygningsrådet kan allikevel tillate at det b lir oppført mindre bygg for leg og idrett, som ikke er til hinder for områdets bruk som friområde.*

Lokalisering av massedeponiet må avklarast med NVE og naboane.

Da lagring av massa ikkje er eit permanent tiltak er ikkje saka sendt til høyring hjå regionale planmyndigheiter.

Saka blir likevel vurdert som prinsipiell, og blir derfor lagt fram til politisk behandling.

I medhald av plan- og bygningslova kap. 19 kan Skjåk kommune gje mellombels dispensasjon frå reguleringsplanane for Bismo. Massa skal lagrast mellombels og som vist kan ein vurdere at fordelene ved å gi dispensasjon vil vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Rådmannen si innstilling

I medhald av plan- og bygningslova kap. 19 gjev Skjåk kommune mellombels dispensasjon frå reguleringsplanane for Blåbærmyra, Bismo Industriområde og Industriområde II i Bismo slik at Skjåk kommune kan gje løyve til mellombels lagring av masse i Bismo på Skjåk kommune sin grunn.

Dersom ein ved plassering av massa finn automatisk fredag kulturminne skal arbeidet straks stoppas i den grad det røre ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jmf. Lov om kulturminne §8.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 28.03.2019

Ordføraren la fram forslag om eit tillegg: Dersom masse skal lagrast mellombels på privat grunn, må det avtalast med eigar.

Samrøystes

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 28.03.2019

I medhald av plan- og bygningslova kap. 19 gjev Skjåk kommune mellombels dispensasjon frå reguleringsplanane for Blåbærmyra, Bismo Industriområde og Industriområde II i Bismo slik at Skjåk kommune kan gje løyve til mellombels lagring av masse i Bismo på Skjåk kommune sin grunn. Dersom masse skal lagrast mellombels på privat grunn, må det avtalast med eigar.

Dersom ein ved plassering av massa finn automatisk fredag kulturminne skal arbeidet straks bli stoppa i den grad det røre ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jmf. Lov om kulturminne §8.